



Notat

Dato: 28.06.2018
Arkivsak: 2016/33942-6
Saksbehandlar: marvirk

Til:	Birthe Andersen Haugen, Svein Leidulf Heggheim, Rune Stadsnes, Kari Espelund Bruvik, Øyvind Bjørkevoll, Lars Berntsen, Cathrine Øvredal Mellingen, Nils Egil Vetlesand
Frå:	Marit Virkesdal

Notat - endringar etter evaluering

Bakgrunn

Ny budsjettmodell vart vedteken i Fylkestinget 13.06.17. I vedtaket stod det at modellen skulle evaluerast våren 2018. Evalueringa og forslag til endringar var oppe i Fylkestinget 12.06.2018. Forslag til innstilling var følgande:

Den vedtekne budsjettmodellen vert vidareført med følgande endringar med verknad frå hausten 2018:

1. Det kan unntaksvis bli oppretta halve klassar som vert budsjettert til redusert sats etter særskilde avtalar.
2. Driftsbudsjettet vert tildelt med ein sats pr. klasse basert på 85% oppfylling og ein sats pr. elev for elevar utover 85% (opp til 100%).
3. Tilrettelagt opplæring i eigne grupper får tildeling basert på ein sats pr. gruppe, men med korrigeringar ut frå gruppestorleik

Vedtaket i Fylkestinget vart følgande:

1. Det kan unntaksvis bli oppretta halve klassar som vert budsjettert til redusert sats etter særskilde avtalar.
2. Driftsbudsjettet vert tildelt med ein sats pr. klasse basert på 85% oppfylling og ein sats pr. elev for elevar utover 85% (opp til 100%).
3. Tilrettelagt opplæring i eigne grupper får tildeling basert på ein sats pr. gruppe, men med korrigeringar ut frå gruppestorleik.
4. «Økonomisk incentiv» endres til «incentiv.»

Protokollmerknad frå Frp

Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgå med tanke på nytt fylke.

Konkretisering av endringar i tråd med vedtekne prinsipp

For 2018 har skulane fått tildelt budsjett for våren etter gammal modell, og for hausten etter ny modell. I tillegg har det vore ei overgangsordning mellom ny og gammal modell, der endringa berre er gjennomført 50%.

På bakgrunn av dei vedtekne prinsippa, er det gjort ei vurdering av ei rekkje ulike forslag til endringar og feilrettingar. I dette notatet vert det lagt fram forslag til kva feilrettingar og endringar som bør gjerast, samt verknadstidspunkt og kvifor desse endringane er foreslått gjennomført.

Total budsjettramme for opplæringssektoren er den same som før evalueringa. Alle endringar og feilrettingar som vert gjennomført vil derfor gje ei omfordeling av ressursar mellom skulane, ikkje auka ressursar totalt. Feilrettingar og endringar som rettar opp i særst uheldige utslag mellom skular vert foreslått prioritert. Endringar som råkar alle skular «likt» vert ikkje foreslått prioritert.

Følgande feilrettingar med økonomiske konsekvensar vert foreslått gjennomført med verknad frå hausten 2018:

1. HTH - Tildele avdelingsleiarressurs til HTH-gruppene på same måte som dei andre gruppene/klassane.
2. HTH - Ordne formel på HTH på Voss vgs slik at dei får tildeling i tråd med modellen på same måte som andre skular med HTH-grupper.
3. PB - Leggje inn kroppsøving på PB3-klassane i tråd med fag- og timefordeling, samt årsrammer.
4. Pensjon - Endre pensjonskasse (frå KLP til SPK) på rektorane.
5. Kapasitetsutnytting – leggje inn tekst frå saka om at incentiv skjer frå og med SF-elev nr 27 og YF-elev nr 14.
6. TAF – leggje inn nokre formlar som manglar knytt til årsverk.
7. MDD - Korrigere tal einetimar musikk og rette koplingar.
8. Vekslingsmodell – korrigere undervisningstimar og årsrammer for BA vekslingsmodell.
9. Tilrettelegging i ordinære klassar – Korrigere elevtalet til å ikkje inkludere HTH-, HTA-, HT- og AO-elevar.
10. Driftskostnadar – endre avrunding på driftskostnadane til YF-klassane frå «avrund.ned» til «avrund.opp».
11. Kapasitetsutnytting – leggje inn delsummering på Voss gymnas slik at dei får tildelt midlar på same måte som andre skular.
12. Driftsbudsjett – endre tal klassar frå 790 til ein formel som hentar alle klassar (SF,YF,AO og TO) for tildeling av driftsbudsjett på funksjon 515 og 520.

Følgande endringar med økonomiske konsekvensar vert foreslått gjennomført med verknad frå hausten 2018:

1. Kontaktlærer - Endre sats på kontaktlærerressurs og funksjonstillegg, samt leggje inn lønsvekst på funksjonstillegget.
2. Halve klassar – Halve klassar får 75% ressurs (fordrar at skulen har partal med halve klassar).
3. TP maritime fag – leggje inn særskilt tilskot til skular med TP maritime fag.
4. Utanlandsklassar – leggje inn særskilt tilskot til skular med utanlandsklassar. Lik grunntildeling til alle skular med utanlandsklassar, men ulik totaltildeling på grunn av skulepengar som ikkje vert dekkja av Lånekassen (15%), stengt internat i ferie, samt korrigering for fleire klassar.
5. TAF – Endre årsrammer og leggje inn felles årsrammer for TAF i fellesfag og telje klassar med utgangspunkt i TAF fellesfag samt gje incentiv til TAF ved hjelp av snitt TAF fellesfag med ST-sats. Programfag vert framleis tildelt pr. utdanningsprogram. TAF- elevane på Austrheim vert ikkje rekna som eigne klassar (2 elevar på vg3 og 2 elevar på vg4).

6. Rådgjevarressurs vert trekt ut frå bemanning utover grunnbemanning og spesifisert i arket «Senior, rektor, tidsressurs» i tråd med SFS2213.

Følgande feilrettingar og endringar med økonomisk konsekvensar vert foreslått med verknad frå 2019:

1. Tilrettelegging i ordinære klassar – vert endra frå inntakspoeng pr. skule til inntakspoeng pr. utdanningsprogram pr. skule.
2. Lønnsdata – om ny modul i HR gjer det mogleg å få ut riktige data til å tildele budsjett pr. skule og/eller pr. utdanningsprogram pr. skule vert dette vurdert i samband med budsjett 2019.
3. Feriepengetillegg – det vert lagt inn 1,23% feriepengetillegg.
4. Arbeidsgjevaravgift – korrigere formlar knytt til løn slik at det vert tildelt arbeidsgjevaravgift på pensjon (ikkje berre på løn).

Bakgrunnen for at desse endringane vert foreslått frå 2019 er at ein ventar på ny HR-modul samt at desse endringane rammar skulane forholdsvis likt. Skulle ein innført desse no, ville dei blitt erstatta av eit generelt nedtrekk.